



EQUINOR ASA
Postboks 8500
4035 STAVANGER

Dato: 11.09.2018
Vår ref.: 2018/7357-18
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Høring av Tillegg til forslag til utredningsprogram for konsekvensutredning for Northern Lights - AU-PM-673-016-00003

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. juli 2018 om tillegg til utgreiingsprogram for KU, der nye geografiske område er inkludert som følgje av endringar i prosjektet. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalsektormyndt for kulturminne, våre forvaltingsansvar og regionale planar.

Samferdsle

I forslag til utredningsaktiviteter vil er det trekt fram at konsekvensar for ferjesambandet til Fedje vert vurdert.

Vurdering

Samferdselsavdelinga legg til grunn at dette vert følgt opp, og har ingen særskilte merknader.

Landskap

I landskap og tettstadsanalysen som vart utarbeida i samarbeid mellom Fedje kommune og Hordaland fylkeskommune i 2010, vart det mellom anna sagt om Rognsvågen :

«Ronsvågen har ei meir oppbrotten strandlinje enn Kyrkjevågen med fleire vikar Slompen, Jekteviken/ Bogardsviken.) Desse vikene har dei same opplevingskvalitetane som ein elles i Kyrkjevågen med eins skala mellom naust, terreng og bakanforliggende hus.

Elles har Rognsvågen ein meir industriprega karakter med enkelte store utspregte areal / bygg i strandsona som bryt med skalaen elles. Dette gjeld Formjølfsabrikken, Fedje mekaniske og steinbrot for molo på Kisteneset.»

Som landskap og tettstadsanalysen viser er miljøet i Rognsvågen samansett og har ikkje eit einsarta byggemønster eller særpreg, eller snarare særpreget i Rognsvågen er at det ikkje er einsarta.

Vi ber om at verknad for landskap, byggesetnad vert greid ut for i samband med planarbeidet. Ved det vidare arbeidet ber vi om at landskapsanalysen vert lagt til grunn og at installasjonane som skal lokalisert i Rognsvågen i samband med mottakanlegget for CO₂ vert gjort med omsyn til eksisterande miljøkvalitetar, og avbøtande tiltak vert gjort, for å minske negative konsekvensar av etableringa.

Vedlagt er Landskapsanalysen for Fedje 2010.

Skjelsand

Skjelsand er teke inn som eit utgreiingstema i tillegget til utgreiingsprogram (kapittel 4.4.1). Dette etter innspel frå Hordaland fylkeskommune ved høyringa av planprogrammet for reguleringsplanen. Fylkeskommunen sitt poeng, som delegert konsesjonsmyndigheit for uttak av undersjøisk skjelsand, sand og grus i medhald av kontinentalsokkelova, (innanfor plan- og bygningslova sitt verkeområde), er å gjere merksam på kva interesser som er viktige i slik samanheng.

Vurdering

Under kapittel 4.4.1 (Skjelsand) står det blant anna at fylkeskommunen har signalisert at beslaglegging av skjelsandområder gjennom røyrleidning eller kabel kan utløyse krav om konsesjon. Det er ikkje beslaglegging som utløyser krav om konsesjon, men kommersiell utnytting av førekomstane. Det skal blant anna betalast konsesjonsavgift for uttak av massar.

Beslaglegging av skjelsandførekomstar bør om mogeleg unngåast i område der uttak kan vere aktuelt, då skjelsand er ein relativt knapp, ikkje fornybar naturressurs som er ettertrakta for ulike bruksformål.

Som nemnt i fylkeskommunen si fråsegn ved høyringa av planprogrammet, er område som kan vere aktuelle for uttak av skjelsand vist som eige karttema på MAREANO (<http://www.mareano.no/kart/mareano.html>), under «Andre kart», «Skjelsandområder», med teiknforklaring «Påvist skjelsand» og «Mulig skjelsand». Kartet viser t.d. påvist og mogeleg skjelsand i den mogelege røyrleidningstraseen i Sulesundet, sørvest for Nordøyna, og innanfor plangrensa i området sørvest for Kollsnes. Det er i tilfelle skjelsandførekomstar ned til 50 meters djup som kan vere aktuelle for uttak.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern. Den landbaserte kontrollstasjonen som no vert utgreidd på Fedje skal ifølgje Equinor vere 120 m² stor, inklusive areal for tilkomst og parkering. Kontrollstasjonen i utgreiingsalternativet er tenkt plassert i regulerte næringsområder på aust- eller vestsida av Rognsvågen på Fedje, men området er berre omtrentleg markert med ein sirkel på figur 3.2 i dokumentet som no er på høyring.

Vurdering

Vi reknar det som sannsynleg at den landbaserte kontrollstasjonen er tenkt etablert i eitt av dei to eksisterande næringsområda i Rognsvågen. Vi vil då ikkje krevje arkeologiske registreringar på Fedje i samband med planen. Dersom kontrollstasjonen er planlagt etablert ein annan stad i Rognsvågen, ber vi om å verta informert om dette snarleg slik at vi kan vurdere behovet for arkeologiske registreringar i området, jf. § 9 i kulturminnelova.

Då saka omfattar areal i sjø, har den vore oversend Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. Museet kjenner til fleire marine kulturminne som ligg i nærleiken/i ulike trasévalg. Ein del av områda er også tidligare undersøkt. Bergens Sjøfartsmuseum har ikkje direkte kommentarar til tilleggsutredning for CO₂ mottak og lagring. Dei er i dialog med Equinor og har etablert kommunikasjonskanalar. Dei har også gjeve fråsegn i saka «Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO₂ (ABO plan &arkitektur)». Bergens Sjøfartsmuseum har varsla krav om marin arkeologiske undersøkingar i saka. Museet har difor ingen fleire merknader på noverande tidspunkt.

Vi viser elles til Hordaland fylkeskommune sitt tidlegare innspel til oppstart av detaljreguleringa for CO₂-anlegg med planprogram, i brev datert 20.03.2018.

Sølve Dag Sundbø
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Vedlegg

1 Landskaps- og tettstedsanalyse Fedje